Lokksundet

STRIE STRAUMAR

Skulle du vera i småbåt i LOKKSUNDET når sjøgangen frå fjorden møter motstraum i sundet, ville du nok tenkja at du helst skulle vore på land. Under slike forhold kan bølgjene reisa seg og bli så krappe at dei bryt.

Bjørnafjorden er lengst i aust bunden saman med Hardangerfjorden gjennom det tronge Lokksundet, den naturlege sjøvegen frå Bergen til Hardanger. På det smalaste, i nord, er sundet knapt 150 meter breitt. Straumforholda i sundet er kompliserte, og det er mange faktorar som avgjer retning og styrke på straumen.

Oppstuing av brakkvatn i Hardangerfjorden, som følgje av dei mange elvane som renn ut i fjorden, er årsak til at straumen i periodar hovudsakleg går nordover. Men straumforholda er òg påverka av tidvatn og vind.

Vekslingane i straumretninga for tidvatnet viser at straumen stort sett følgjer mønsteret for tidvatnet i Hardangerfjorden. Han går sørover i Lokksundet når vatnet stig i Hardangerfjorden, og nordover når det fell. Ved springflod kan nordgåande straum koma opp i 3–4 knop der sundet er på det smalaste. Dette mønsteret kan likevel endra seg i kortare periodar, slik at straumen kan skifta retning fjerdekvar time under rolege vêrforhold. Desse hyppige endringane kjem av mange kilometer lange, låge bølgjer som svingar att og fram i fjordsystemet (Ⓣ91). Også dei har si årsak i tidvatnet.

Lokksundet, «Tysnes Fjord from Tysnes Oen», teikning av C.W. Rothery frå 1845. Rothery var særs begeistra for naturen i Noreg. På Tysnes fekk han ifølgje dagboka «det mest fortryllende skue av norsk natur jeg noensinne har fått».

Tidvasstraumen gjennom sundet kan vera sterk, men straumen som vinden dannar, kan gjera det vel så vanskeleg for småbåtar å koma gjennom sundet. Fenomenet er særleg tydeleg når vinden står på frå sør eller sørvest. Vassoppstuing i Onarheimsfjorden fører då til ei gjennomstrøyming til det noko lågare vatnet i Bjørnafjorden. Under sørleg kuling og tidvasstraum mot nord kan farten ofte koma opp i 5–6 knop. Er vinden frisk bris eller sterkare, kan han snu tidvasstraumen som går mot sør. Under slike forhold vel mange småbåtar å venta.

ØSTERSPOLLAR

Oppdrett av skjel er ei næring i vekst. Venteleg blir det meir østers, blåskjel, kamskjel og haneskjel frå Vestlandet på restaurantborda i framtida. Den nordeuropeiske østersen har vore populær mat gjennom tusenvis av år, og mange land, særleg Frankrike, England og Holland, har lange tradisjonar i dyrking av skaldyret. I Norden er det først og fremst i Limfjorden på Jylland ein har avla østers i stor skala.

I Noreg fekk Selskabet for de Norske Fiskeriers Fremme *i gang oppdrett av østers fleire stader på norskekysten i slutten av 1920-åra. For mange vart dette etter kvart ei lønsam attåtnæring. I Hordaland har det i førre hundreåret vore oppdrett av østers i pollar på Tysnes (Espevikpollen og Seløya), vidare i Os, Fana (Kviturdspollen) og Lindås, og på Bømlo. Anlegga i Tysnes var først ute, alt på slutten av 1800-talet var det drift her. Fram til i dag har det berre vore Espevikpollen i Tysnes og Agapollen på Bømlo som har levert østers. Det meste av produksjonen skjer i landbaserte tankanlegg, men morøstersen blir henta frå pollane. Østers frå Hordaland går førebels berre til nasjonalt forbruk.*

Østers finst naturleg på kysten vår, men var vanlegare før, då sjøtemperaturen var litt høgare. Det største problemet med østersoppdrett er at formeiringa blir hemma dersom temperaturen i vatnet er vesentleg under 18 °C. Dei beste tilhaldsstadene for østers og oppvekstforhold for yngelen er derfor i små, skjerma pollar der vasstemperaturen kan bli mykje høgare enn i opne farvatn.

Ein typisk østerspoll er frå femti til nokre hundre meter brei og har ei trong og grunn opning. Aller best er det når det renn ein sildrebekk ut i ein slik poll, stor nok til at det øvste vassjiktet har lågare saltinnhald enn vatnet mot botnen. Ferskvatnet blandar seg lite med saltvatnet under og lagar eit stabilt brakkvasslag på toppen. Det skjermar sjøvatnet under frå kontakt med lufta. Om dagen trengjer solstrålinga gjennom brakkvasslaget og varmar opp sjøvatnet under. Ved avkjøling om natta skjer varmetapet berre frå overflata. Såleis fungerer brakkvasslaget som glaset i eit drivhus. Sjøvatnet under blir godt oppvarma, og temperaturen her kan bli over 30 °C.



Eva Bjørseth

Østersdyrkar Alf-Roald Sætre i Espevikpollen med ein kasse full av østers. Alt frå mellomalderen var østers rekna som luksusmat for rike nordmenn. Ei norsk bylov frå 1276 gir dette påbodet i eit kapittel om fiskehandel: «Fersk laks og annan fersk fisk og østers skal kjøpast på båtane eller på bryggjene og ikkje i buer.» (Foto: Ørjan Deisz)